



Flatnes, 5. november 2023

REFERAT FRÅ STYREMØTE nr.6/23 i 4H Hordaland

Dato:	5. november 2023
Klokka:	11.00-15.00
Stad:	HVL, Kronstad

Desse møtte til styremøte:

Fylkesstyret med vara: *Sofie Ljones, Synne Røthe Sandal, Janniche Næss Bergås, Agnete Flatnes Skarveland, Steffen Stråtveit og Marius Skar Kolås*

Tilsette: Turid Sandstad Herland

Innkallinga er sendt til desse for orientering:

Kontrollnemnd: Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald

SAK 96/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
SAK 96/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
SAK 97/23	Godkjenning av referat frå siste ordinære styremøte
SAK 98/23	Godkjenning av referat frå siste styremøte
SAK 99/23	Orienteringssaker
SAK 100/23	Økonomioppdatering
SAK 101/23	Juniorsprell 2024
SAK 102/23	Intensjonsavtale styrevervsinstruktørar og 4H Hordaland
SAK 103/23	Generaldebatt fylkesårsmøtet 2024
SAK 104/23	Årsplan 2024-2025-2026

SAK 105/23	Budsjett 2024-2025-2026
SAK 106/23	Årsmelding 2023
SAK 107/23	Innkalling og sakliste til fylkesårsmøte 4H Hordaland
SAK 108/23	Ymse
SAK 109/23	Saker til neste styremøte

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 97/23 Godkjenning av referat frå siste ordinære styremøte

Vedlegg: «Referat frå fylkesstyremøte 5_23»

Vedtak: Referat frå fylkesstyremøte 25.august blir godkjend.

SAK 98/23 Godkjenning av referat frå siste styremøte

Vedlegg: «Referat styremøte om budsjett til landsleir 2024»

27.september hadde fylkesstyret eit ekstraordinært fylkesstyremøte for å godkjenne foreløpig budsjett til landsleir 2024. Leirsjef Lisa Jonetta og tilsett Leif-Helge deltok også på møtet.

Vedtak: Referat frå fylkesstyremøte om budsjett til landsleir 2024 blir godkjend.

SAK 99/23 Orienteringssaker

Tiltak	Orientering	Ansvarleg
Juniorsprell	1.-3. september blei det arrangert juniorsprell på Tysnes. Jakob-Johan Birkeland Solberg og Marius Skar Kolås planlagde og gjennomførte arrangementet. Det var 16 stykk som deltok.	Jakob-Johan og Marius

Fylkesstyresamling Vest	8.-10.september var det samling for fylkesstyra i 4H Vest på Thon Hotel Bergen Airport. Tilbakemeldingane frå fjoråret var tilsynelatande ikkje tatt hensyn til faglig, men likevel ein sosial og kjekk samling. Dei som har tilbakemeldingar kan sende desse til Sofie, så sender me ein felles tilbakemelding frå Hordaland til Synnøve.	Sofie, Synne, Vilde, Marius, Turid, Synnøve
Gøy på landet	Som ein del av friluftsveka 2023 arrangerte Molvik 4H-gard «gøy på landet» 9.-10. september.	Leif-Helge
Idèmyldringsmøte om ny 4H-klubb i Odda	11. september hadde Turid, Sofie og Inger Louise Mælen eit digitalt idèmyldringsmøte om korleis me kan spreie informasjon om 4H i Odda. Me ynskjer å starte ny klubb der, og planlagte derfor å halde eit informasjons- og aktivitetssmøte seinare på hausten.	Sofie, Turid og Inger Louise
Digitalt klubboppfølgingsmøte	11.september hadde Sofie og Turid eit digitalt klubboppfølgingsmøte på Teams. 29 personar deltok.	Turid og Sofie
Digitalt møte med fylkesstyret	19. september hadde fylkesstyret eit digitalt møte for å saman gå gjennom sakspapira til landsstyremøte 2_23.	Sofie, Synne, Janniche, Vilde, Steffen, Agnete
Landsstyremøte og tilsettsamling	22.-24.september samla landsstyret seg for fagleg input	Sofie og Turid

	<p>og landsstyremøte. På same hotell var også alle tilsette i 4H samla. Lisa Jonetta Ølvestveit og Heidi Grønsberg var med frå hovudkomitèen til landsleir 2024 for å ha ein aktivitet laurdagen.</p> <p>Sofie gir tilbakemelding om ei helg med mykje god faglig input.</p>	
Storkurs	<p>29.september – 1.oktober vart det arrangert storkurs i Rosendal. 62 deltakar, inkludert leiarar deltok. Takk til Lauvsprett 4H som var arrangør!</p>	Heile styret
Frivilligkonferansen 2023	<p>30.september arrangerte Vestland fylkeskommune «Frivilligkonferansen 2023». Sofie, Turid, Lisa Jonetta og Leif-Helge deltok.</p>	Sofie, Turid, Lisa Jonetta og Leif-Helge
Informasjons- og aktivitetsmøte i Odda	<p>22. oktober blir det arrangert eit ope informasjons- og aktivitetsmøte i Odda. Denne dagen håpar me på å starte ny klubb, noko fylkesstyret gler seg stort over!</p> <p>Ny klubb vert starta i Odda!</p>	Sofie, Turid, Steffen og Inger Louise
Plakettfest	<p>4.november arrangerer 4H Hordaland plakettfest i Kløvertun på Os.</p>	Heile styret
Instruktørkurs 2023/2024	<p>Del 1 av instruktørkurset vert arrangert av 4H Norge 10.-12.november.</p>	Heile styret

	Agathe Ølvestveit og Åsmund Flatnes Skarveland reiser på instruktørkurset.	
Årsmøte H.A.N.S.A.	I november skal H.A.N.S.A. ha sitt årsmøte. Kven frå fylkesstyret deltar?	Heile styret
Kursadministrator styrevervskurs 2024	Silje Lilleås og Elisabeth Haagensen er kursadministratorar for styrevervskurset til 4H Hordaland 2024	Silje og Elisabeth
H.A.N.S.A. oppdatering	Janniche orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A.. H.A.N.S.A. nærmar seg klare for årsmøte og val av nytt styre.	Sindre
Molvik 4H-gard	Steffen orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik.	Steffen
Prosjekt lærerike opplevingar	Leif-Helge kjem med oppdatering på prosjekt lærerike opplevingar.	Leif-Helge
Landsleir 2024	Janniche eller Synne orienterar om landsleir 2024	Janniche og Synne
Jubileumshaustfestar	Fylkesstyret deltar på desse haustfestane i år: Dalamot 4H, 55 år; Lid 4H, 50 år; Raggsockkjen 4H, 55 år; Samhald 4H, 55 år; Solgull 4H, 60 år og Øvrebygda 4H, 45 år.	Heile styret

SAK 100/23 Økonomioppdatering

Janniche orienterar om økonomioppdateringa. Under varesal er det 20 000kr mindre på salsinntekter enn budsjettet. Kontingent ligger 9 000kr under det som er budsjettet. Me har fått inn prosjektmidlar, 155 000kr over budsjett. Deltakaravgift ligger 190 000kr under budsjett, men dette kan forsvarast med dårleg deltaking på arrangement. Me manglar nesten 300 000 i inntekter i forhold til budsjettet, men det er mindre utgifter enn planlagt så me er foreløpig 630 000kr i pluss hittil i år. Det vil komme fleire utgifter de neste månadane, i følge budsjettet vil me gå 36 000kr i minus, men resultatet blir truleg ikkje så lågt.

Vedtak: Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.

SAK 101/23 Juniorsprell 2024

Steffen er i gang med planlegginga av juniorsprell som skal vere på Voss 26.-28.januar 2024. Per dags dato forsøker han i samarbeid med Turid å finne ei eigna hytte å vere på.

Hytta er no leigd, og planlegginga er i gang.

Vedtak: Steffen fortset arbeidet med juniorsprell, og forsøker å finne andre som kan hjelpe med planlegging og gjennomføring.

SAK 102/23 Intensjonsavtale styrevervsinstruktører og 4H Hordaland

Vedlegg: Intensjonsavtale styrevervsinstruktører og 4H Hordaland

Det er viktig med gode avklaringar mellom fylket og styrevervsinstruktører om kva som er forventa av dei me sender på instruktørkurs, også i etterkant av kurset. Ein intensjonsavtale kan hjelpe med dette, og fylkesstyret må derfor gå gjennom avtalen og bestemme kva den skal innehalde. Ved endringar i dagens krav og betaling av instruktør, må dette bli godkjent av fylkesårsmøtet til 4H Hordaland.

Vedtak: Fylkesstyret vedtar forslag til intensjonsavtale mellom styrevervsinstruktører og 4H Hordaland med endringar om pålagte kurs heldt etter utdanna instruktør, og den skal omskrivast til nynorsk.

SAK 103/23 Generaldebatt fylkesårs møtet 2024

På førre fylkesstyremøte blei det bestemt at alle i fylkesstyret skulle skrive ned forslag til tema å ta opp på generaldebatten på fylkesårs møtet i 2024.

Vedtak: Fylkesstyret vedtar tema for generaldebatten til fylkesårs møte 2024. Tema blir fylkesleir (deltaking, varighet, dato) og utsjånad på kler som skal representera 4H Hordaland

SAK 104/23 Årsplan 2024-2025-2026

Vedlegg: Forslag til årsplan og kalender 2024-2025-2026

Vedlagt ligg foreløpig forslag til årsplan og kalender 2024-2025-2026. Fylkesstyret må gå gjennom årsplanane og gjere eventuelle endringar.

Oppdatert dokument med endringane me gjorde under møtet er vedlagt i mail saman med referatet.

Vedtak: Fylkesstyret godkjenner årsplanane for 2024, 2025 og 2026.

SAK 105/23 Budsjett 2024-2025-2026

Budsjett 2024-2025-2026 skal godkjennast på årsmøtet. Dei skal sendast ut seinast seks veker før årsmøtet, altså 31. desember.

Vedtak: Fylkesstyret jobbar med forslag til budsjett 2023-2024-2025. Fylkesstyret tar budsjett 2024-2025-2026 opp til godkjenning på fylkesstyremøte 7/23.

SAK 106/23 Årsmelding 2023

Alle i fylkesstyret har fått ansvar for ulike delar av årsmeldinga. Agnete har ansvar for ferdigstilling av denne. Fylkesstyret går gjennom foreløpig årsmelding på fylkesstyremøtet.

Vedtak: Årsmelding 2023 blir ferdigstilt innan neste fylkesstyremøte.

Fylkesstyret tar årsmelding 2023 opp til godkjenning på fylkesstyremøte 1_24.

SAK 107/23 Innkalling og sakliste til fylkesårsmøte 4H Hordaland

Vedlegg: Innkalling og sakliste til fylkesårsmøte 4H Hordaland 2024

Fylkesstyret må gå gjennom og gjere eventuelle endringar i innkallinga og saklista til fylkesårsmøtet, før denne kan signerast og sendast ut til klubbane.

Vedtak: Innkalling og sakliste til fylkesårsmøte 4H Hordaland 2024 blir godkjent med redaksjonelle endringar.

SAK 108/23 Ymse

SAK 108.1 Stad for neste fylkesstyremøte, samt innhaldet i samlinga: Neste fylkesstyremøte blir hos Turid, og me planlegger taco til mat.

SAK 108.2 Vedtekter H.A.N.S.A.: godkjent med redaksjonelle endringar (endringar av paragrafnummer).

SAK 108.3 Honorar til frivillige: sender inn sak til sentralstyret om honorering av frivillige, inkludert leirsjefen, og retningslinjer rundt dette/korleis dette er løyst tidligare.

SAK 108.4 Kundekontoar Landsleir 2024: Leif-Helge skal ta ansvar for å opprette kundekontoar mot Landsleir 2024, i samarbeid med hovudkomiteen

SAK 108.5 iZettle til Landsleir 2024: Hovudkomiteen kjøper inn ny iZettle, som 4H Hordaland overtar etter Landsleir 2024

SAK 108.6 Undersøke kven ansatt som er tilgjengelig under Landsleir 2024: Fylkesstyret undersøker kven som er tilgjengelige under landsleiren, med tilgang til medlemsregister i tilfelle krisesituasjon.

SAK 108.7 Årets klubb 2023: Årets klubb 2023 blir kåra på neste styremøte.

SAK 109/23 Saker til neste styremøte

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte
- Godkjenning av forslag til årsmelding 2023